KVINNHERAD
KOMMUNE

Sektor Teknikk og Miljø

2022/2646-12
16.05.2022

AVTALE

mellom Kvinnherad kommune og eigarane av gnr 147 bnr 11 Åge Emil Prestnes og Anne Karin Leirvik.

1. Underskrivne eigarar av eigedommen gnr 147 bnr 11, heretter kalla eigarar, gjev med dette Kvinnherad kommune, org.nr. 964967636, heretter kalla kommunen, rett til å byggja slamavskiljar med tilhøyrande driftsbygg med luftreinseanlegg på eigedomen. Retten gjeld også legging av avløpsleidningar, overvassleidningar og vassleidningar over eigedomen, samt nedsetting av nødvendige kummar, slik vedhefta kart viser.

2. Kummane må ikkje koma høgare enn terrenget og terrenget må jamnast til kring desse, slik at dei ikkje er til hinder for eigaren av eigedomen. Det må ikkje, utan etter avtale med kommunen, fyllast massar over kummane slik at kumlokk vert skjult under bakken, gjerast større endringar på terrengnivå, eller plantast tre over leidningane.

3. Graving av grøft og legging av leidning og ev. kummar, skal kunna skje i tidsrommet frå 01.04.2020 til 01.04.2023. Innanfor dette tidsrommet skal massane førast attende i grøftetraseen og terrenget jamnast og såast til.

4. Eigarane skal disponera terrenget som før, men kan ikkje utan etter avtale med kommunen, byggja nærare leidningen enn 4,0 meter eller grave nærmare leidningen enn 1,5 meter.

5. Kommunen har rett og plikt til drift og framtidig vedlikehaldsarbeid av slamavskiljar, leidningar og kummar, og skal ved seinare vedlikehaldsarbeid setja terrenget i minst same stand som før. Terrenget rundt slamavskiljaren skal tilbakeførast slik det var. Alle kostnader i samband med arbeidet og istandsetting /vedlikehald skal berast av kommunen.

6. Eigarane kan overta overskotsmassar frå arbeidet med slamavskiljar og grøft. Kommunen vil overta overskitsmassane, fritt tilkøyrd, til nærare tilvist plass på Prestnes, sjå kartskisse. Godkjenning av deponi er eigarane sitt ansvar.

7. Særlege vilkår. Kommunen har vegrett over gnr/bnr 147/11 som tilkomst til slamavskiljaren. Kommunen har også rett til parkering på same i samband med drift og vedlikehald.

8. Kvinnherad kommune kan for eigen rekning tinglysa denne avtale som hefte på eigedomen.

Stad: Sunde Dato: 23/6-22 Stad: 27.06.22 Dato: Rosendal

Åge Emil Prestnes

Åge Emil Prestnes

Kvinnherad kommune, ordførar

Anne Karin Leirvik

Anne Karin Leirvik


SK
PS1
58617
VK-Sid 58617
Avløp fra driftsbygg
ø110 føres til samlekum
foran PS1
PL fra privat nedsl
ø200 PE100 SDR17 overløpsledning
ø200 PE100 SDR17 utslippsledning
ø32 VL
ø200 PE100 SDR17 overløpsledn.
ø200 PE100 SDR17 utslippsledn.
DN 500 BTG
Overvannsledning
føres til sig
Overløpsledning fra SK tilknyttes
overløpsledning fra S12
Se tegn. nr 160 for detaljer
DN 500 DV
Profil 02
Profil 01
Profil 03
DN300 DV
Vette
Privat spillvannsledning
Privat spillvannsledn
O8
S13
S12
S11
74
ø90 PE100 SDR11
Se tegn. nr 161 for detaljer
Tørrsteinsmur
Luftledning
2 x ø110 føres til driftsbygg
ø40 trekkerør
føres til driftsbygg
VL 110
OV DN 500 DV
O9
S8
Ny vannkum
VL 110
SF
S9
S10
ø50 trekkerør
føres til
driftsbygg
Privat vannledning
legges rundt S10
Overløpsledning
ø160 PVC SN8
58618
Eiendomsgrense
Eiendomsgrense


71
74
69
Steinmasser
Jord og lausmasser
Prestnesvegen